

SAK 8 Framlegg til Rutinar for utbetaling av køyregodtgjersle.

Bakgrunn:

Styret har sett på reglementet og i tråd med handlingsplan å utvikle fagforbundet Sunnfjord, og legg fram følgjande reviderte rutinar for utbetaling av køyregodtgjersle. Reglementet vart først vedtatt på stiftingsårsmøte i 2019.

Rutinar for køyregodtgjersle blir lagt fram for årsmøte for godkjenning og står til nytt vedtak blir fatta av årsmøte .

Framlegg:

Rutinar for utbetaling av køyregodtgjersle gjeldande frå 01.02.2025

1: Køyregodtgjersle for deltaking på kurs / møte / tillitsvalgt opplæring

Dei som har over 30 km t/r pr oppmøte plass får utbetalt køyregodtgjersle og refusjon av bom penger etter staten sin skattefrie sats, for tiden– 3.50 pr km.

Kamerat køyring skal nyttast.

Reiserekning skal skrivas.

2: Køyregodt gjersle for deltaking på styre møter

For deltaking på styre-møter blir det etter reiserekning utbetalt køyre-godtgjersle og refusjon av bompengar etter staten sin skattefrie sats for tida 3.50 pr km.

Det vert ikkje utbetalt diett for deltaking på styre-møter.

3: Organisatorisk arbeid i fagforeininga der privat bil blir nytta:

Gjeld og for bruk av eigen bil i fagforeinings medfør, arbeidsplass besøk, k-ledd eller opp gåver pålagt av leiar eller styret.

Det skal skrivast reiserekning og det blir utbetalt køyregodtgjersle og refusjon av bom penger etter staten sin skattefrie sats, for tiden– 3.50 pr km.

Diett blir ikkje utbetalt, men kost etter kvittering blir refundert.